

## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Vestlandshuset, møterom Jostedalsbreen

Dato: 12. mars 2025

Klokkeslett: 09.00-11.30

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 5. mars 2025

#### Saksliste byvekstavtalen

- Sak 18/25 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 19/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 07.02.2025
- Sak 20/25 Bruk av post 66, regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod, for året 2025
- Sak 21/25 Handlingsprogram 2026-29
- Sak 22/25 Status for oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett
- Sak 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering
- Sak 24/25 Passasjertal for jernbane 2024
- Sak 25/25 Eventuelt, byvekstavtalen

#### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 26/25 Behov for bompengar til prosjektering og ny regulering av Bybanen BT 5 for perioden 2025-2027
- Sak 27/25 Eventuelt, bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtalen

### Sak 18/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

*Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 19/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 07.02.2024

#### Sjå vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 20/25 Bruk av post 66, regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod, for året 2025

#### Sjå vedlegg 2

Denne saka er ei oppfylging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna møtet den 4. oktober 2024 der *Bruk av tilskot til betre kollektiv* vart handsama under sak 49/24. Fylgjande vedtak vart fatta:

*Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (126 mill.) vert nytta som vist i vedlegg 3. Det blir lagt fram ny sak om bruk av tilskotet for 2025, tidleg i 2025.*

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 131,2 mill. kr. for 2025 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod. I tillegg har vi 2,9 mill. ståande på fond, etter mindreforbruk i 2023. Styringsgruppa i Miljøløftet har avgjort at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingsåret. I avtalen er det presisert at det er ein føresetnad for tildeling av dette auka tilskotet at nullvekstmålet blir nådd.

Vestland fylkeskommune har no utarbeida framlegg til bruk av midlane for 2025, totalt 134,1 mill. Framlegget blir presentert i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2025 (134,1 mill.) vert nytta direkte til Bybanen, som vist i saksgrunnlag.*

### Sak 21/25 Handlingsprogram 2026-29

#### Sjå vedlegg 3 og 3a

Saka er ei av fleire saker knytt til rullering av handlingsprogram 2026-2029 og innspel til statsbudsjett 2026. I dette møtet skal bruken av post 30-midlar til prosjekt på riksveg, og post 30(66) til prosjekt på kommunal- og fylkesveg avgjerast. År 1 i handlingsprogrammet fungerer som innspel til statsbudsjett 2026. Innspel til statsbudsjettet har frist 31. mars, så det er naudsynt med eit vedtak i dette møtet.

Resten av handlingsprogrammet vert tema i neste møte, 25. april.

Saka har vore diskutert i prioriteringsrådet, og sakspapira inneheld eit forslag til prioritering av post 30-midlar.

Ein prosjektportefølje over alle dei innspelte prosjekta ligg ved (vedlegg 3a). Denne inneheld alle prosjekt som er spelt inn i Miljøløftet, uavhengig om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram eller for seinare rulleringar.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2026-2029 , i tråd med konklusjonen i møtet. År 1 i handlingsprogrammet (2026) blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Handlingsprogram 2026-2029 som heilskap blir handsama i neste møte. Vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2025*

## **Sak 22/25 Status, oppfølging av prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett**

Dette er ei oppfølging av sak 65/24 i styringsgruppa, der det blei bedt om at det blir lagt fram ei ny sak som sikrar oppstart av prosjekt som ikkje fekk midlar i forslag til statsbudsjett 2025.

Saka vart seinast følgd opp i styringsgruppa 7. februar (sak 7/25). Her var vedtaket at *Styringsgruppa ber prioriteringsrådet om å legge fram eit forslag i neste møte i styringsgruppa om kva prosjekt ein skal omdisponere midlar til, og kva prosjekt som skal spelast inn til revidert nasjonalbudsjett.*

I etterkant av møtet i styringsgruppa vart sekretariatet gjort kjend med at frist for innspel til revidert nasjonalbudsjett kom før neste møte i prioriteringsrådet. Det betyr at vedtaket i møtet ikkje ville vere mogleg å gjennomføre før fristen gjekk ut. Sekretariatet sendte i staden eit forslag om omdisponering og innspel til revidert budsjett til partane per e-post, og leverte innspelet til revidert nasjonalbudsjett til Statens vegvesen innan fristen.

Innspelet er at Miljøløftet omdisponerer tilgjengelege midlar til prosjekta «Manger kyrkje – Hesthaugvegen, fortau» og «Trolldalen-Lepsøyvegen, trygg GS-løysing», og spelar prosjekt inn til revidert nasjonalbudsjett i følgjande prioriterte rekkefølge: «Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien», «Skogsskiftet sentrumsområde», «Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering» og «Ostereidet/Lindsdalen, fortau».

Saka gjekk til orientering i prioriteringsrådet 3. mars, og blir med dette følgd opp i styringsgruppa.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering**

### **Sjå vedlegg 4**

På bakgrunn av vedtak i sak 76/24 i styringsgruppa «Innfartsparkering i byvekstområdet» har det vorte oppretta ei arbeidsgruppe for innfartsparkering.

Vedtaket i styringsgruppa:

*«Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka. Styringsgruppa tek orientering om status og aktuelle saker til orientering.»*

I saka vart det vist til tematikk som arbeidsgruppa skal sjå på, men det var ikkje lagt fram eit fullstendig mandat. Det vart difor vedteke at den fyrste leveransen til gruppa skulle vere forslag til eige mandat.

Føremålet med arbeidet er å styrke samordninga og få ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering innanfor rammene i gjeldande strategi. Det er ikkje ønskt å gjenopne diskusjon om innfartsparkering som verkemiddel.

Mandatet som vert lagt fram i denne saka er utarbeidd av arbeidsgruppa.

*Forslag til konklusjon: Prioriteringsrådet sluttar seg til mandatet slik det er lagt fram, og at arbeidsgruppa legg det til grunn for sitt vidare arbeid.*

## **Sak 24/25 Passasjertal for jernbane 2024**

Jernbanedirektoratet orienterer om passasjertall for 2024.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 25/25 Eventuelt, byvekstvtalen**

### **Saksliste bypakke Bergen**

## **Sak 26/25 Behov for bompengar til prosjektering og ny regulering av Bybanen BT 5 for perioden 2025-2027**

### **Sjå vedlegg 5**

Fylkestinget og Bystyret vedtok 2. oktober 2024 ei kompromissløyising knytt til vidareføring av Bybanen til Åsane. Bergen kommune skal med basis i kompromissløyisinga snarast mogleg starte reguleringsarbeidet for strekninga Kaigaten – Sandviken for å sikre godkjenning av reguleringsplanen i fyrstninga av 2027. Dei andre reguleringsplanane som er vedtekne for bygging av bybane til Åsane blir uendra, noko som gjer det mogleg å starte prosjektering og grunnnervv på denne delen av strekninga.

For å kunne starte dette arbeidet ber partane no om å nytta bompengar basert på Prop 11 S (2017-2018) til reguleringsplan, prosjektering og grunnnervv i perioden 2025-2027, som vist i saksgrunnlaget.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen vedtek at det kan nyttast inntil 640 mill. i bompengar for perioden 2025 – 2027 til regulering, prosjektering og grunnnervv av Bybanen BT5. Styringsgruppa forventar å få framlagt ei årleg sak der det vert rapportert på bruken av midlane.*

## **Sak 27/25 Eventuelt, bypakke Bergen**